



---

Til Landbruks- og matdepartementet

# Ny fjellov og festetomtavgifter til Statsskog.

Fjellnettverket er eit politisk nettverk for kommunar, regionråd og fylke, som arbeider for levande og livskraftige fjellbygder. Det er 77 fjellkommunar i Sør-Noreg og mange av statsallmenningane ligg i våre område. God forvaltning av statsallmenningane er viktig for både innbyggjarane og næringslivet i fjellområda.

På vegne av styret i Fjellnettverket ber me for det første om at regjeringa ferdigstiller arbeidet med ny fjellov. For det andre ber me departementet vurdere korleis Statsskog forvaltar festeavgifter for reiselivsnæringa i statsallmenningane.

## Ny fjellov

I 2018 la Statsallmenningsutvalet fram *NOU 2018:11 ny fjellov*. Det er no over tre år sidan utvalet la fram eit grundig arbeid og forslaget vart sendt ut på høyring. Fjellnettverket ber regjeringa ferdigstille arbeidet med ny fjellov.

## Festeavgifter i statsallmenningane

Fjellnettverket er kjent med at Statsskog har ein gjennomgang av sine festeavtalar i statsallmenningane.

Fjellnettverket har forståing for at det må vere ordna forhold knytt til festeavtalar, men me er uroa for den store auken Statsskog forslår for festeavgifta for fleire innan reiselivsnæringa.

Til dømes har Statsskog foreslått ei auke for Brennabu leirskule frå 139.000 kr. til 255.000 kr. For Sølentua Camping forslo Statsskog ei auke frå 20.000 til 70.000 kr årleg. Desse og fleire andre døme viser at Statsskog legg opp til og ynskjer ei stor auke i festeavgifta for ein bransje som ofte driv med små marginar og som er svært hardt råka av koronakrisa.

Fjellnettverket er uroa over konsekvensen dette kan få for utvikling av næringsverksemd i fjellområda.



Fjellnettverket oppmodar Landbruks- og Matdepartementet om å bruke eigarmakta si i Statskog, slik at fastsetjing av festeavgifter ikkje skapar usikkerheit og at festeavgiftene for lokale næringsverksemdar ikkje blir så høge at det svekker mogelegheit for vidare satsing og utvikling i fjellområda.

Beste helsing

Kari Randen  
Røssum  
Dagleg leiar

Olav

Styreleiar